

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		26.10.2021

**Museumsløft 2021- Fordeling av midlar**

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver 1,403 mill. til Museumsløft 2021 frå budsjettpost «440.500 Museum» med følgjande tildeling:

Søklar-nummer	Søklar	Tiltak	Løyving NOK
4	Museumssenteret i Hordaland	Istandsetting av Blødals-smia på Gjerstad Låsfabrikk	140 000
6	Museumssenteret i Hordaland	Kartleggingsprosjekt om industriarven	195 000
7	Museumssenteret i Hordaland	Ambulerande dokumentasjonsteam	260 000
9	Musea i Sogn og Fjordane	Etablere ein stabil ramme kring forskingsaktivitet i musea i Vestland	222 000
10	Sunnhordland Museum	Istandsetting av Futastova	286 000
11	Hardanger og Voss Museum	Istandsetting av husmannsstova Nesjastova på museumstunet i Utne	300 000

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering avslår følgjande søknader:

Søklar-nummer	Søklar	Tiltak	Løyving NOK
1	Baroniet	Restaurering av Stallen på Rosendal Avlsgård og tilrettelegging for digital formidling	0
2	Bevaringstenestene, Museumssenteret i Hordaland	Digitale fagseminar for Beredskapsgruppa for museum, arkiv og bibliotek i Vestland	0
3	Bevaringstenestene, Museumssenteret i Hordaland	Fagdagar 2022	0
5	Kraftmuseet	Vedlikehald og istandsetting av arbeidar-bustaden i Folgefonn-gata	0
8	Museum Vest	Istandsetting av garasjeport i kommandobunkeren i Sandviken	0

12	Bymuseet i Bergen	Implementering av elektronisk sak- og arkivsystem	0
13	Bymuseet i Bergen	Restaurering av Lysthuset på Alvøen, interiørarbeider	0
14	Bymuseet i Bergen	Oppgradering av Bryggens Museum	0

Per Morten Ekerhovd  
avdelingsdirektør

David J Aasen Sandved  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Føremål med ordninga

Tilskotsordninga til museumsløft skal vidareutvikle gjeldande satsingar i Regional kulturplan for Hordaland 2015-20205 og Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027. Det er eit overordna mål å utvikle dei konsoliderte musea i Vestland som sterke kunnskapscenter og organisasjonar.

Budsjett 2021	1, 403 mill.
Søknadsfrist	1.september
Innretting og kriteria: <a href="https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/RegistryEntry/ShowDocument?registryEntryId=144051&amp;documentId=317732">https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/RegistryEntry/ShowDocument?registryEntryId=144051&amp;documentId=317732</a>	KULII 15.10.2020, PS 129/2020  Tiltak A: vøling av kulturhistoriske bygg forvalta av musea i Vestland  Tiltak B: tiltak som bidreg til styrking av fellesløysingar for musea i Vestland
Informasjon om ordninga	<a href="https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/tilskot-til-museumsløft/">https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/tilskot-til-museumsløft/</a>

Tal søknader	14
Tal søknader som er tilrådde	6
Samla kostnad	18 074 846
Samla søknadssum	9 666 524
Tilrådd fordeling	1 403 000

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3: Fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde.

Vurdering

I vurderinga har avdelingsdirektøren lagt vekt på at midlane skal fordelast til prosjekt og tiltak som fell inn under retningsliner og kriteria som er sett for ordninga. Avdelingsdirektøren har i tillegg vurdert gjennomføringsevne og realisme i prosjekta og tiltaka sin kvalitet.

Det er eit stort vedlikehaldsetterslep på bygningsmassen ved musea. Ordninga opnar opp for at musea kan søkje støtte til istandsetjing av kulturhistoriske bygg som musea forvaltar (tiltakskategori A). Det vil også vere gevinstar å oppnå ved at musea går saman om fellestenester innafor magasin og samlingsforvaltning. Ordninga er difor også innretta mot fellesprosjekt som kan bidra til dette (tiltakskategori B).

Det er kome inn til saman 14 søknader. Av desse er 8 søknader retta mot tiltakskategori A, medan 6 er retta mot tiltakskategori B. Søknadane er relativt jamt fordelt mellom dei ulike regionane i Vestland.

Musea sitt brukarforum har gjeve tilbakemelding på tildelinga av Museumsløftmidlar for 2020. Her vart det peika på at tilskotstildelingar som er vesentleg lågare enn omsøkte beløp, gjer at prosjekta ikkje er gjennomførbare slik som omsøkt. Søklarane har difor måtta vurdere å skalere ned prosjekta eller utsetje dei på ubestemt tid. Avdelingsdirektøren ser at dette er ei utfordring. Ved årets tildeling har avdelingsdirektøren lagt vekt på i større grad å imøtekomme omsøkte beløp. Med ei avgrensa tilskotspost, der dekningsgraden er på 14,5% , har det vore naudsynt å gjere harde prioriteringar. Dette betyr at fleire gode prosjekt i tiltakskategori A ikkje er innstilte for tildeling av midlar. Avgrensa midlar til disposisjon gjer også at større kostnadskrevjande istandsettingsprosjekt vil vere vanskeleg å imøtekomme ut frå dagens økonomiske rammer for tilskotsordninga.

Søknadane under tiltakskategori B viser at det er stort engasjement rundt fellesprosjekt hos musea i Vestland. Det er lagt fram sær gode prosjektsøknader som er framtidsretta og som er innretta for å svare ut viktige museumsutfordringar både regionalt og nasjonalt. Her vil avdelingsdirektøren særleg framheve søknad nr. 6, 7 og 9, som alle vil bidra positivt til museumsutviklinga i Vestland gjennom målretta kunnskaps- og kompetanseheving.

#### Søknad nr. 6

Museumssenteret i Hordaland ønsker i samarbeid med Museum Vest, Kraftmuseet og Musea i Sogn og Fjordane å få kartlagt kunnskapen om industriarven i Vestland med utgangspunkt i musea sine arkiv og samlingar. Avdelingsdirektøren oppfattar dette som viktig samanfatning av kunnskap og som eit viktig bidrag til kunnskapsbygginga om industriarven i Vestland. Dette vil også vere eit viktig bidrag i arbeidet med bevaringsstrategiar og i forskingssamanheng.

#### Søknad nr. 7

Bevaringstenestene søkte i 2020 om midlar frå Museumsloft til å etablere eit ambulerande dokumentasjonsteam som eit treårig prosjekt. Det vart søkt om 1,5 mill. i 2020 og søknaden vart tildelt 300 000 kr. Desse tilskotsmidlane vert no nytta til ein pilot som omfattar musea sine båtsamlingar. Ut frå prosjektet sitt omfang og utviklingspotensiale vart Museumssenteret i Hordaland oppfordra til også å søke KUP midlar til prosjektet. Det er i år sendt likelydande søknad over denne ordninga. Prosjektet er tre-årig. Reell søknadssum for 2021 er kr. 810 000. Avdelingsdirektøren ser det som eit mål om å kunne innfri fylkeskommunal økonomisk medverknad i tråd med søknaden ved å vurdere søknaden parallelt under begge tilskotsordningane.

#### Søknad nr. 9

Musea i Sogn og Fjordane har søkt midlar til eit samarbeidsprosjekt der målet er å etablere strukturar som sikrar at musea i Vestland saman kan utgjere eit forskingsmiljø som blir ein fagleg og teoretisk ressurs, ei forskingsadministrativ støtte, og ein attraktiv samarbeidspartnar for andre forskarar og forskingsmiljø i Noreg og i utlandet:

Utdrag frå søknaden:

«Gjennom prosjektet vil vi greie ut ein modell for organisering av forskinga i musea i Vestland som ei felles satsing, på tvers av dei konsoliderte museumsorganisasjonane og på måtar som tek i vare musea sine ulike strategiar, faglege profil og kompetanse. Prosjektet vil ha fleire element, der vi m.a. skal kartlegge forskingskompetanse og -ressursar, etablere strukturar for møteplassar og samarbeid, arbeide strategisk med konkrete prosjektmål, og drøfte varige tiltak som sikrar ei robust forskingsinfrastruktur også etter at prosjektet er gjennomført.

Prosjektet har ikkje som mål å konsolidere forskinga i musea i Vestland i ein frittstående institusjon, men vil sjå på potensialet som ligg i å operere som ein felles samarbeidande eining i dialog med UH-sektoren, potensielt også med moglegheit for å gå inn som forskingspartnar i større prosjekt. Vi vil greie ut om moglegheitene for at musea i Vestland, som eit felles forskingsmiljø, kan delta i forskingsprosjekt som aktiv forskingspartner på lik linje med akkrediterte forskingsinstitusjonar. Å organisere forskinga på tvers av museumsinstitusjonar innafor same region, med særleg vekt på forskingsinfrastruktur, forskingsadministrative ressursar og bygging av meir robuste forskingsmiljø, vil vere ein modell som kan overførast til andre regionar. Prosjektet vil utarbeide ein sluttrapport som skal evaluere tiltaka, samanfatte drøftingane og presentere anbefalingar for ein fast infrastruktur for forskning».

Avdelingsdirektøren oppfattar søknaden som eit flott initiativ til samarbeid på tvers av musea i Vestland for å løfte musea som attraktive samarbeidspartnarar i forskningssamanheng. Dette er også noko som er etterspurt i den nyleg framlagde Museumsmeldinga. Søknaden har fått støtte frå Kulturrådet og tildeling av Museumsloftmidlar vil bidra til fullfinansiering av prosjektet.

For nærare omtale og vurdering av dei einskilde søknadane vert det vist til vedlegg i saka.

**Økonomi:** Storleiken på tilskotsordninga i 2021 er 1,403 mill. og vedtek av Fylkestinget i ordinær budsjetthandsaming

**Klima:** Istandsetting av kulturhistoriske bygg bidreg positivt i klimarekneskapen.

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2014-2025 - fleire gode levekår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi).** Den tilrådde fordelinga for tilskotsordninga har sett til følgjande mål i utviklingsplanen:

Mål 2 - Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, ved å sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar, jf. strategi 2.2.

Mål 3 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, ved å utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar, jf. strategi 3.1

Mål 4 - Like moglegheiter til å delta i verdiskaping, ved å fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn, jf. strategi 4.2

Konklusjon

Avdelingsdirektøren rår at hovudutvalet til å fordele Museumsløftmidlar 2021 i tråd med vurderingane over.